

## **Ei eldsjel er borte.**

Tidlegare ordførar på Voss, Gunn Berit Lunde Aarvik, er gått bort, vel 63 år gammal. Laurdag 9. juni var ho med å få syster og mannen hennar sine kalvar og kyr til fjells, då ho brått fall om. Kyndig hjelp kom raskt til, men livet stod ikkje til å berga. Eit samfunnsengasjert, entusiastisk og raust medmenneske var brått død.

Gunn Berit var fødd på Voss og vaks opp på Bulken, ein identitet ho var stolt over. Tidleg i 20-åra stifta ho familie med Thor Gunnar, og dei bygde seg hus og busette seg i grenda Dalane på Bulken. Saman skapte dei her ein trygg og god heim for dei to borna dei fekk. Ho vart også bestemor til tre. Familie og slekt var viktig for Gunn Berit, og ho var pådrivar for jamlege slektstreff og samkomer for storfamilien. Særleg i jola inviterte ho til fest og samkomer, og ho likte å gje gåver og helsingar til alle ho var glad i. Ho stilte alltid opp for borna sine, og alltid tilbaud ho seg å ta eit tak når borna eller andre trøng ei handsrekning. Ho hadde stor omtanke for dei ho møtte på sin veg.

Samfunnsengasjert som ho var, stilte ho til val for Arbeidarpartiet midt på 1990-talet, og ho var folkevald i i fire valperiodar i Voss kommune. I åra 2007- 2011 var ho ordførar, og ho var stolt over å bera ordførarkjedet i heimkommunen. Som politikar var ho ein lagspelar som jobba hardt og engasjert for bygda sitt beste. Ho var meir oppteken av å løfta fram andre, enn å ta æra sjølv. Samarbeid var viktigare for henne enn politisk strid. Som ordførar var ho i møte med innbyggjarane snar til å søkja faglege råd hjå administrasjonen, for på den måten å kunna gje mest mogeleg korrekte svar på spørsmål og initiativ som kom fram. Ho var godt likt av sine ordførarkollegaer, lett å vera i lag med og alltid korrekt. Ho fekk også kjenna på nederlag i politikken, då ho ikkje fekk fornøya tillit som ordførarkandidat i partiet sitt framføre valet i 2011. Frå 2015 vart ho innvald i Hordaland fylkesting for Ap, og ho fekk plass i komiteen for kultur og idrett. Her fekk ho bruka den store kompetansen ho hadde om idrett.

For det var idretten som låg hennar hjarte nærest. Som ung dreiv ho med langrenn og friidrett. Men det var som frivillig i idrettsarbeid ho merka seg ut. I nærmere 40 år var ho ryggrada i Bulken idrottslag, dei fleste av åra var ho leiar av laget. I hennar leiartid tok idrettslaget på seg store utbyggingar av anlegg både for langrenn, hopp og fotball, samt klubhus, og ho var ein dyktig pådrivar og leiar for dette arbeidet. Ho stilte alltid opp når laget hadde tilskipingar, og ho var alltid oppteken av å skapa god og stor aktivitet i laget. Sjølv då ho var ordførar, vaska ho i klubbhuset i Eideshagen når huset skulle leigast ut. Ho hadde stor omsut for alle i laget, og syntre truskap i alle oppgåver, store og små. Ho tok også på seg verv i fleire år på både krets og nasjonalnivå, i Hordaland skikrets og idrettskrets, samt i Skiforbundet. I alle styre ho var i, la ho ned stort arbeid og syntre entusiasme. Då hennar eigne born var aktive, var ho i fleire år trenar i langrenn. Ho skapte då godt miljø og samhald i treningsgruppa. Gunn Berit vart utnemnt til æresmedlem i Bulken IL, og ho fekk også utmerking for idrettsinnsatsen hjå kommunen gjennom E. Hegboms minnepris.



Gunn og helsing ho fekk på årsmøtet frå Bulken IL etter mange år som leiar.

Etter ordførartida, vart ho tilsett på dåverande Voss jordbrukskule. Her fekk ho vera med på bygginga av Nye Voss vidaregåande, og ho engasjerte seg mykje i dette arbeidet. Ho tykte dette var noko av det mest spennande ho hadde vore med på. Ho var ein sjølvskriven leiar for administrasjon og personale, og ho var ein høgt verdsett leiar og kollega på skulen.

Gunn Berit var glad i å reisa. Mange sydenturar og turar til fjernare himmelstrokk vart det opp gjennom åra, mellom anna India og Andesfjella vitja ho og familien. Ho gledde seg til fleire turar i framtida. Aller best likte ho seg på hytta på Hamlagrø. Hit reiste ho så ofte ho kunne, året rundt. Her fann ho ro og kvile, her samla ho familie og vener. Her kunne dei gode dagane levast.

Det var like ved hytta ho fall om denne junilaurdagen. Ho døydde der ho framfor alt likte å leva, på favorittstaden sin, i ferd med å hjelpe til og med fleire av sine nærmeste rundt seg.

Fred over Gunn Berit sitt minne.

Magne Skjeldal